

For alle som går i 3.klasse



Laurdag 2. og søndag 3.mars 2019 er det igjen tid for Tårnagenthelg i Breim kyrkje!

Oppdrag og mysterium

Alle som fyller 9 år i 2019 eller går i 3.klasse er velkomne til å vere Tårnagentar i kyrkja. Symboljakt, mysterium i Bibelen, agentmat, tårn-tur, agentoppdrag, kode og passord er stikkord for helga. Agentane får eit eige agentbevis, og på søndagen vil alle som kjem til kyrkja får vite kva dei har funne ut.

Program:

Laurdag: **14.00** Oppstart agentsamling
 15.00 Agentmåltid
 17.30 Avslutning av agentsamling og henting.

Søndag: **15.00** Agentane møter i kyrkja
 16.00 Tårnagentgudsteneste
 17.00 Kyrkjekaffi m/ bilde framvisning frå tårnagentsamlinga

Foreldre, sysken og vener er spesielt inviterte til ei litt annleis gudsteneste denne søndagen,- ei **Tårnagentgudsteneste** som det er vel verd å få med seg. Gudstenesta varer om lag ein time.

Trusopplæring

Etter at kristendomsundervisninga vart teken ut av skulen har kyrkja, saman med heimen, fått hovudansvar for fomidling av kristen tru og tradisjon til borna. Tårnagenthelg er ein del av dette trusopplæringsprogrammet for barn frå 0-18 år.

Englevakter

Vil du som er vaksen, bidra? Vi treng «Englevakter»! Englevaktene er viktige for ei vellukka Tårnagenthelg og har konkrete, enkle oppgåver; følger borna opp i kyrkjetårnet, hjelper til med maten, går saman med borna på symboljakt m.m. Dei som har vore med som englevakter tidlegare år, har likt seg godt på Tårnagenthelg!

Påmelding

Påmelding seinast måndag 25. februar!

Når du held påmeldingsfristen bidreg du til å gjere arrangementet best mulig for både ditt eige og andre sine barn☺.

Gå inn på heimesida til kyrkja: www.gloppen.kyrkja.no . Sjå etter tårnagentlogoen og følg påmeldingslenka til <https://minkirkeside.no/Gloppen>

Du loggar inn ved å skrive inn mobilnummer og får tilsendt eingongskode på sms. Velg lenka «Vis alle aktiviteter» under overskrifta «Mine aktiviteter». Så vel du Breim sokn i rullegardinmenyen og trykker «meld på». **OBS! For at påmelding skal bli registrert MÅ same mobilnummer som blir brukt til innlogging også registrerast i påmeldingsskjemaet. Du får epost når påmeldinga er registrert i systemet.** Hugs å krysse av for og informere om allergiar, spesielle behov og kva de kan bidra med!

Problem med påmeldinga? Ta kontakt med

Ingrid Bjørnereim: ingrid.bjornereim@gloppen.kyrkia.no Mob: 988 03 053 eller

Lars-Bjarte Osland: lars-bjarte.osland@gloppen.kyrkia.no Mob: 990 03 077

Ps. Tips oss gjerne om de kjenner ein 3.klassing som ikkje har fått invitasjon, men gjerne vil vere med!

Agenthelsing frå Lars-Bjarte, Ingrid og resten av Senioragentane i Breim kyrkjelyd